



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Pressemelding

Dato: 10. juni 2013

1 170 000 kroner til Lokal samfunnsutvikling i Vest-Agder

Vest-Agder fylkeskommune har som mål å styrke innsatsen til og samarbeidet med dei kommunar som er prega av fråflytting og stagnasjon. I tillegg vil fylkeskommunen vidareutvikle kystkommunar sin kompetanse på byggeskikk, arkitektur, design og småbyen sine kvalitetar.

Kommunal- og regionaldepartementet tildeler 30 nye millionar kroner til fylkeskommunane for at dei skal halde fram med å vidareutvikle si samhandling med kommunane.

- Mitt inntrykk er at mange kommunar no arbeider aktivt med å utvikle attraktive lokalsamfunn ved at dei samarbeider med fylkeskommunen om kompetanse og kapasitet, seier kommunal- og regionalminister Liv Signe Navarsete.

Vest-Agder fylkeskommune skal:

- Vidareutvikle arbeidet med ein felles planressurs for kommunane Åseral, Hægebostad og Audnedal. Dette skal styrke plan- og utviklingskapasiteten i kommunane.
- Bygge opp eit ressurscenter for byggeskikk for å få nødvendig kompetanse til å ta vare på dei historiske trebyane i fylket og utnytte kvalitetane til verdiskaping.
- Lage ein strategi for by- og tettstadutvikling i småbyane på Sørlandet for å auke busetting og skape meir aktivitet
- Uutarbeide eit opplegg for framtidsverkstad som ein arena der kommunen sine hovudutfordringar, visjon og mål avklarast i kommuneplanens samfunnsdel.

Kommunal- og regionaldepartementet sin pressetelefon: 22 24 25 00